

Klima- og miljødepartementet

Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Oversendelsesbrev – innspill til ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

Program for kulturminneforvaltning ved Institutt for historiske studier, NTNU, takker for muligheten til å bidra med innspill til den nye stortingsmeldingen om kulturminnepolitikken.

Våre innspill er vedlagt.

Med hilsen



Erik Opsahl
Institutt for historiske studier

Postadresse

7491 TRONDHEIM

Org.nr. 974 767 880

E-post:
postmottak@hf.ntnu.no

<http://www.ntnu.no>

Besøksadresse

Dragvoll, Bygg 6, nivå 4

Telefon

+47 73 59 64 40

Saksbehandler

Line Nordsveen

Tlf: +47

Adresser korrespondanse til saksbehandlerenhet. Husk å oppgi referanse.

Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken – innspel frå Program for kulturminneforvaltning, NTNU

Departementet oppfordrar til innspel og bidrag med utgangspunkt i følgjande:

1. Korleis vil vi at kulturminnepolitikken skal vere om 10–15 år? Kva for muligheiter og utfordringar finst?
2. Korleis bør kulturminneforvaltninga møte desse utfordringane? Kva kan vi bidra med i denne samanhengen?

Framtidas kulturminneforvaltning

Slik fagmiljøet ved Program for kulturminneforvaltning ved NTNU ser det, er det fleire hovudpunkt i gjeldande kulturminnepolitikk som bør førast vidare. Klimafokuset er viktig, ressurseffektivisering og bærekraft er viktig, og vektlegging av mangfald er viktig, både sosialt, etnisk og kulturelt. Vi vil i dette innspelet peike på kva vi ser som dei største truslane for kulturminna i dag. Vi vil fokusere på særlege område der vi meiner kulturminna og forvaltninga av dei har betydning for samfunnet, og vi vil framheve område som vi meiner bør prioriterast i tida framover.

Vern og bruk i klimaperspektiv

Klimaet endrar seg uavhengig av kulturminnepolitikken og har konsekvensar for mange kulturminne. I åra framover vil det vere store utfordringar for kulturminneforvaltninga når det gjeld å sikre og vedlikehalde verneverdig bygningsmasse av ulike slag. Det gjeld ikkje minst bygningar i kyststrøka, men også andre stader i landet, dette på grunn av havstiging, auka nedbørsmengde, fuktigare klima, flaum og ras. Nedbrytinga skjer fort, og ho er akselererande, så det må derfor handlast raskt. Det er ikkje tid til lange planleggingsfasar; det må takast snarlig grep.

Ved at verneverdige bygningar blir råka av klimaendringar, synleggjer dei også dei endringane som skjer, og dei kan slik sett nyttast som ein pedagogisk ressurs. Kulturminneforvaltninga bør leggje til rette for at sikrings-, konserverings- og restaureringsprosjekt blir mulig å følge i opplæringsaugemed og for interesserte meir allment.

Klimaendringane stillar oss dessutan ovafor utfordringar når det gjeld vern gjennom bruk. Det er langt meir miljøvenlig å bruke eksisterande bygningsmasse framfor å rive og byggje nytt. Derfor bør det i tida framover bli mindre riving og meir gjenbruk, og det må bli enda meir fokus på transformasjon. Det kan krevje større inngrep som kan føre til at kulturminneverdiar går tapt, men det kan vere nødvendig og akseptabelt i eit større miljøperspektiv. Vi legg her ekvivalensprinsippet til grunn og tenker at tillegg og endringar frå vår tid også er del av kulturminnet.

Eit viktig perspektiv i kulturminneforvaltninga er forvaltning av endring. *Vern gjennom endra bruk* bør bli ei rettesnor for kulturminnepolitikken framover. Dette bør følgjast opp med ytterligare styrking av opplæringstilbod i både praktiske og teoretiske sider av fagfeltet, og støtteordningar til private eigarar og frivillige aktørar bør dessutan styrkast.

Samfunnsstrukturar, demografi og kulturminne

Det har lenge gått føre seg ei sentralisering, og dette ser ut til å halde fram med uforminska styrke. Dette inneber store utfordringar for kulturminna, delvis med motsette forteikn i høvesvis sentrale og grisgrendte strøk. I sentrale strøk er det press på utbyggingsareal og eksisterande bygningsmasse. I utkantstrøk er det fråflytting, lite folk til å ivareta bygningsarven og den tilhøyrande immaterielle kulturarven. Midt imellom på skalaen ligg mindre tettstader som på grunn av demografiske endringar, samferdsleutbygging og endra handlemønster kan oppleve at lokalmiljøa blir omkalfatra og delvis tømt for funksjonar.

Det er i samfunnets interesse å ivareta kulturarven, men på den andre sida må det vere menneske til stades som har interesse for og kapasitet og kompetanse til å ivareta han. Det vil vere ei utfordring for kulturminnepolitikken i åra framover å demme opp for konsekvensane av dei store strukturendringane og sørge for å gi gode rammevilkår for offentlig forvaltning og privat engasjement. Samvirke mellom offisielt og frivillig kulturminnevern er ein vesentlig føresetnad, både i kommunalt og fylkeskommunalt planarbeid, i musea og generelt på feltet. Kulturminnepolitikken bør derfor leggje til rette for god samhandling mellom ulike aktørar på feltet.

Kulturminne, reiseliv og fotavtrykk

Kulturarv saman med naturarv er gjerne trekkplaster i reiselivsnæringa, og dette er mange stader ikkje berekraftig verken på den eine eller andre måten. Mange område opplever for stor pågang med slitasje på kulturminna og belastning på miljøet som konsekvens. Når turistar trekkast langvegs ifrå til norske attraksjonar, bidrar det dessutan til auka utslepp og negative verknadar på natur- og kulturarv. Her trengst det ei reorientering der tolegrenser blir vurdert med tanke på det større miljørekneskapet og der besøksnæringa blir regulert i høve til det.

Systemperspektiv på kulturminne

Alle kulturminne står i ein samanheng, og enkelte typar kulturminne er vanskelig å fatte om ein ikkje legg eit systemperspektiv til grunn. Kulturmiljøfreding slik det er nedfelt i kulturminnelovas § 20, fangar ikkje opp i tilstrekkelig grad kulturminne som inngår i store system. Eitt felt er kulturminne frå ekstensiv landbruksdrift der til dømes seter- og slåtteområde kan ha vern gjennom naturmangfaldslova i form av landskapsvernområde, men der gardsområda som denne utmarksbruken var knytt til, er åtskilt og ikkje kopla saman med det som er verna, slik at forståing av jordbrukssystemet ikkje blir så lett å fatte. At nasjonalparkar og

landskapsvernområde er underlagt særskilt forvaltning, gjer ikkje dette lettare å forhalde seg til. Her er det utfordringar for dagens forvaltningspraksis.

Eit anna felt er teknisk-industrielle kulturminne som kan vere vidstrakte og svært samansette, eksempelvis kraftverk. Å frede enkeltminne som til dømes ein kraftstasjon vil ikkje gi god nok forståing for det større systemet som dette objektet inngjekk i. Det er derfor behov for å utvikle nye rammer for vern av kulturminne som inngår som delar av store system. Freding av enkeltobjekt og freding av kulturmiljø er ikkje tilstrekkelig. Landskapsperspektivet kan vere tenlig, men det avheng av korleis forvaltninga er organisert.

Nyare tids kulturminne

Kulturminnelova gir automatisk vern til kulturminne eldre enn 1537 og til ståande byggverk eldre enn 1650. Vidare har kommunane meldeplikt i saker som gjeld riving/vesentlig endring av ikkje-freda byggverk eldre enn 1850, men her har fylkeskommunen få verkemiddel for å hindre at kulturminne går tapt.

At etter-reformatoriske kulturminne ikkje har det same vernet som før-reformatoriske, er høgst problematisk. Vi ser det slik at det er behov for meir merksemd og større ressursar retta mot kulturminne frå tidsrommet etter 1537/1650. På 1970-, 80- og 90-talet vart SEFRAK-registreringane av bygningar eldre enn 1900 gjennomført. Desse registra er bra dekkande for ståande byggverk i fast busette område, men er mangelfulle i utmarksområde. Dessutan dekker dei altså berre bygningar.

I tidsperioden 1650–1900 skjedde det stor utvikling i næringsliv, befolkning og busetnad i Noreg. Dette var grunnlaget for framveksten av det moderne Noreg, men mange av dei materielle spora er gått tapt eller er i ferd med å gå tapt. Det er derfor om å gjere at kulturminnepolitikken rettar ei særlig merksemd mot denne tidsperioden. Det er behov for systematiske registreringar av kulturminne frå etterreformatorisk tid. Noko kan bli tatt i vare gjennom kommunale kulturminneplanar, men desse kan ha sine særskilte tematiske fokus og er ingen garanti for ei systematisk kartlegging av kulturminne frå tidlig-moderne tid.

Det hadde vore å ønske at vernegrensene vart meir dynamiske slik at ein kunne ta omsyn til dei truslane kulturminna er utsette for. Dette fordrar, som nemnt over, systematiske registreringar. Grensa for meldeplikt ved 1850 bør dessutan vurderast flytta fram i tid til 1900. På den måten blir det også samanfall med det SEFRAK-registrerte materialet.

Regionreform

Med regionreforma innafor kulturminneforvaltninga frå 1.1.2020 vil fylkeskommunen få ei mykje større rolle. Men fylkeskommunen får også ei dobbeltrolle, idet han er både regional utviklingsaktør og kulturminnemyndigheit. Dette kan innebere konflikhtar i mange tilfelle, og kulturminnepolitikken bør byggje inn sikringsmekanismar som balanserer fylkeskommunens ulike roller.

Regionreforma gjer også kompetanseoppbygging påkravd. Staben ved dei fylkeskommunale kulturminneavdelingane vil måtte styrkast i omfang og kompetanse, og det vil bli eit visst behov for vidareutdanning. Her har fagmiljø (arkeologi, arkitektur, kulturminneforvaltning, kunsthistorie) ved NTNU muligheit for å tilby spesielle kurs retta mot personale i den fylkeskommunale forvaltninga.

Tverrsektoriell og integrert forvaltning

Avslutningsvis vil vi peike på kor nødvendig det er at kulturminneforvaltninga inngår som ein integrert del av ulike sektorar, kommunalt, regionalt og nasjonalt. Det er mykje fornuft i at kulturminnevern og naturvern er samla under same departement. Samstundes er det ei utfordring at ulike delar av kulturarven er fordelt på ulike departement, med kulturhistoriske museum og immateriell kulturarv under eitt og universitetsmuseum under eit anna departement, og sektormuseum igjen under sine departement. Her ligg det ei utfordring for departementsoverskridande forvaltning som det er ønskelig at det vart etablert gode forvaltningsrutinar for.